

Levering til kultur- og likestillingsdepartementet

Oppdrag til Bufdir i samband med oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 440 – lovgjennomgang med føremål om å avskaffe språkbruk som beskriv personar med funksjonsnedsetjing med utdaterte, diskriminerande og stigmatiserande omgrep



Bufdir



**BARNE-, UNGDOMS-
OG FAMILIEDIREKTORATET**

Postadresse:
Postboks 2233
3103 Tønsberg

Besøksadresse:
Fredrik Selmers vei 3
0663 Oslo

Sentralbord:
466 15 000

bufdir.no

Innhald

1. Innleiing	4
1.1 Bufdirs anbefaling.....	4
1.2 Bufdirs tolking av oppdraget	5
1.3 Nærmare om Bufdir sitt arbeid	6
1.3.1 Om Språkrådet sine vurderingar	6
2. Kunnskapsgjennomgang	7
2.1 Språk som produsent av sosiale normer	7
2.2 Historikk – omtale av personar med funksjonsnedsetjing og forståing av funksjonsnedsetjing.....	8
2.3 Norsk politikk i dag – kva betyr dette for språkbruk?	9
2.4 Særlege omsyn knyta til språk i lovar og reglar	10
2.5 Statens plikt til å fremme likestilling	11
3. Bufdir sine vurderingar	11
3.1 Ordbruk som oppfattast som stigmatiserande, diskriminerande og/eller utdatert	12
3.2 Oppsummering	18
4. Referansar.....	19

1. Innleiing

Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) arbeider med å følgje opp oppmodingsvedtak nummer 440 - lovgjennomgang med føremål om å avskaffe språkbruk som beskriv personar med funksjonsnedsetjing med utdaterte, diskriminerande og stigmatiserande omgrep. Oppmodingsvedtak 440 lyder som følgjer:

Stortinget ber regjeringen foreta en lovgjennomgang med formål om å avskaffe språkbruk som beskriver funksjonshemmede eller personer med en funksjonsnedsettelse med utdaterte, diskriminerende og stigmatiserende begreper, og komme tilbake til Stortinget med forslag til nødvendige lovendringer for å sikre dette.

Oppmodingsvedtaket høyrer til representantforslag om å endre språkbruk i norsk lovverk i tråd med CRPD (Dokument 8:17 S (2023-2024)).

I denne samanhengen har KUD i tillegg nummer 5 til tildelingsbrevet for 2024 bede Bufdir gje ei vurdering av kva for ord og nemningar som kan reknast som klart utdaterte, stigmatiserande og diskriminerande, og som dermed bør inngå i ei lovgjennomgang. KUD har bede Bufdir samarbeide med Språkrådet om oppdraget, og involvere det sivile samfunnet i prosessen. Leveringa har frist 3. mars.

Oppmodingsvedtaket er også følgd opp i forslag frå Justis- og beredskapsdepartementet til endringar i verjemålsloven.

1.1 Bufdirs anbefaling

Bufdir meiner at følgjande ord og nemningar er klart utdaterte, stigmatiserande og diskriminerande, og bør inngå i ei lovgjennomgang:

- Åndssvak
- Sinnssjuk
- Blindehund
- Blindestokk
- Døvetolk
- Invalid og invaliditetsgrad
- Døvstum
- Alvorleg svekka helbred
- Sinnsliding og sinnssjukdom
- Forstyrring av sinnstilstanden

- Sterkt avvikande sinnstilstand
- Senil demens
- Alvorleg mental svekking
- Alvorleg sinnslidande
- Psykisk utviklingshemma
- Funksjonsfrisk
- Handikap
- Avvik og funksjonsavvik
- Misdanning
- Psykiske eller fysiske forstyrringar
- Vansira

1.2 Bufdirs tolking av oppdraget

Direktoratet blir i tildelingsbrevets tillegg nummer 5 ikkje bede om å gjere ein fullstendig gjennomgang av bruken av ord i gjeldande lover og regelverk, men sjå meir generelt på ord og nemningar som ikkje bør brukast. I representantforslaget er det trekt fram at det i norsk lovverk framleis er nytta ord og nemningar som «åndssvak» og «sinnssyk». Det er difor bedd om ein gjennomgang av, og innspel til ord og nemningar, som er klart utdaterte, stigmatiserande og diskriminerande kva gjeld framstilling av personar med funksjonsnedsetjing. Oppdraget omfattar ikkje å foreslå alternative ord og nemningar til dei som blir peikt ut som klart utdaterte, stigmatiserande eller diskriminerande.

I oppdraget står det at Bufdir og Språkrådet skal sjå på ulike *omgrep*, men i denne samanhengen famnar *omgrep* om noko større enn ord, termar og nemningar. For ordens skuld skriv difor Bufdir *ord og nemningar*, eller *termar* i denne rapporten, heller enn *omgrep*.

I oppdraget skal Bufdir kome med ei liste over vurderingar. Språkrådet har ei rådgjevande rolle. Interesseorganisasjonane skal bli involverte for å kome med innspel.

Oppdraget er å identifisere ord og nemningar som er «klart utdaterte, stigmatiserende og diskriminerende og som derfor bør omfattes av en lovgjennomgang». Vi har lagt til grunn at avgrensinga klart gjeld alle dei tre etterfølgjande adjektiva. Stigmatiserande og diskriminerande oppfattar vi i denne samanhengen som synonyme, og nedsetjande er eit tredje synonym som gjerne blir nytta i samband med dei orda og nemningane det er tale om her. I skjemaet nedanfor har vi vald å markere i ei kolonne for seg om termen kan reknast som utdatert, og i ei anna kolonne om termen kan reknast som stigmatiserande/diskriminerande/nedsetjande.

1.3 Nærmare om Bufdir sitt arbeid

I arbeidet har Bufdir samarbeida med Språkrådet, som har hatt ei rådgjevande rolle i vurderinga av det språklege biletet. Bufdir har også samarbeidd med interesseorganisasjonar for personar med funksjonsnedsetjing, som bidrog med innspel og eigne forslag til ord og nemningar gjennom eit innspelsmøte.

I arbeidet har Bufdir også hatt møte med Helsedirektoratet. I møtet med Helsedirektoratet vart ord og nemningar som framleis er i bruk i medisinsk terminologi og ICD-10 diskutert, og moglege nye nemningar i den norske gjennomføringa av ICD-11. ICD-10 er eit internasjonalt system for å klassifisere sjukdomar og helseproblem, og har vore obligatorisk å bruke i Noreg sidan 1999. ICD-11 er den nyaste versjonen, utvikla av Verdas helseorganisasjon (WHO) for å erstatte ICD-10. I ICD 11 har språkbruken blitt forbetra, slik at omgrep og diagnosenemningar er meir presise og mindre stigmatiserande enn i ICD-10. Per mars 2025 er det framleis ICD-10 som gjeld i Noreg, men Helsedirektoratet planlegg overgangen til ICD-11.

Den endelege lista med vurderingar består av ord og nemningar som er henta både frå eksisterande lovverk, og som innspel frå interesseorganisasjonane til personar med funksjonsnedsetjing. Ein nærmare gjennomgang av kor orda og nemningane er henta frå ligg nedst i lista.

1.3.1 Om Språkrådet sine vurderingar

Språkrådet har gitt generelle råd med utgangspunkt i omsynet til allmennspråket, både til klart språk og behovet for eit presist fagspråk. Det er uheldig dersom eit krav om bruke «ufarlege» ord fører til diffuse omskrivingar. Dersom det er aktuelt å endre innarbeidd språkbruk, bør det òg vere avklart kva ein skal endre til, og det bør ikkje lanserast fleire konkurrerande nemningar.

Alternativ til veletablerte ord må oppfylle nokre kriterium.

Dei bør

- vere treffande og dekkjande nok for det som skal skildrast
- kunne tolkast riktig ut frå vanleg norsk språkforståing
- vere syntaktisk fleksible (må fungere i så mange samanhengar som mogleg, må prøvast ut)

I lys av arbeidet med sensitive ord i allmennspråket, har Språkrådet òg spela inn at det er dei orda som knyter seg til direkte omtale av personar, som vil kunne oppfattast som dei mest problematiske.

2. Kunnskapsgjennomgang

2.1 Språk som produsent av sosiale normer

Språk er viktig som produsent av haldningar og sosiale normer. Gjennom historia har språket og ord og nemningar om grupper av befolkninga blitt brukt til å leggje grunnlaget for og legitimere ekstreme handlingar. Betydninga av kva ein kallar medmenneske blir mellom anna omtalt av historikaren Yuval Noah Harari (Nexus 2024). Namn og kallenamn har blitt aktivt brukte for å dehumanisere etniske grupper eller andre grupper i ei befolkning. I Noreg er vi mest kjende med dette frå Nazi-Tysklands omtale av jødar.

Den amerikanske psykologen Paul Bloom forklarar korleis språket og omtale av personar eller grupper av befolkninga kan brukas til å stimulere moralpsykologiske responsar. Dersom ein omtalar medmenneske eller grupper av menneske med ord som vekker avsky, skapar dette avstand og reduserer tilbøyelegheita til empati og omsorg (Bloom 2014).

Språklege merkelappar ein nyttar for å kategorisere andre, kan ha betydning for korleis ein oppfattar andre menneske. Terminologi og etikettar knyt konnotasjonar og oppfatningar til dei menneska dei omtalar. Slike merkelappar kan også seie noko om korleis vi ser på samfunnet og ansvar og samspel mellom individ og samfunn.

Eksisterande forskning tyder på at mange har negative haldningar til personar med funksjonsnedsetjing, og at dette er ei betydeleg tilleggsbelastning og i nokre tilfelle ei viktig årsak til ekskludering av gruppaa. Bufdir gjennomførte ei hurtigoversikt om haldningar til personar med funksjonsnedsetjing i 2022. Oversikta viser mellom anna at personar blir utsett for hatytringar og ubehagelege hendingar fordi dei har funksjonsnedsetjing (Olsen m.fl. 2016). Det finst også fleire studiar på negative haldningar i tilsetjingsprosessar (Bjørnshagen 2021).

Barn med funksjonsnedsetjingar blir ofte møtte med låge forventingar (Tyldum 2019). Forsking visar at barn med funksjonsnedsetjingar er klare over at dei blir møtte med låge forventingar, og at dette blir brukt som ei grunngjeving for å ekskludere dei (Asbjørnslett 2015).

2.2 Historikk – omtale av personar med funksjonsnedsetjing og forståing av funksjonsnedsetjing

Omtale av funksjonsnedsetjing har utvikla seg gjennom historia. Nokre ord og nemningar som har blitt brukt om funksjonsnedsetjing i norsk lov og rettspraksis er: vanfør (LOV-1958-12-05-1), idiotia (Rt-1937-49), retardert (LB-2002-209), tilbakestående (Rt-1970-95), dverg (Rt-1936-621), og handikap (Skatteloven av 1911).

Omgrep brukt om funksjonsnedsetjing kan være problematiske av fleire ulike årsakar:

- Ord og nemningar peikar på at personar med funksjonsnedsetjing ikkje er fullt ut gyldige eller fullstendige som menneske (til dømes «vanfør», der «van-» kjem frå norrønt og tyder «manglande», og «før» tyder «skikka til»).
- Ord og nemningar knyt fysiske, kognitive, psykiske, intellektuelle eller sensoriske variasjonar til svakheit (til dømes «ånds-svak», «invalid» – frå latin *invalidus*, som tyder «svak, kraftlaus»).
- Ord og nemningar knyt funksjonsvariasjonar til almisje og omsorg (handikap).
- Ord og nemningar forklarar funksjonsnedsetjing som menneskelege avvik frå ein konstruert idealnørm.
- Ord og nemningar er eigna til å vekke avsky.

Terminologi brukt om funksjonsnedsetjing kan reflektere det vi i dag vil oppfatte som nedsetjande haldningar til personar med funksjonsnedsetjing som ikkje likeverdige samfunnsborgarar. Nokre ord løftar fram personar med funksjonsnedsetjing som trengande og mottakarar av velgjerningar og almisje. Dette gjeld til dømes omgrepet «handikap». Opphavet til dette omgrepet er eit engelsk spel kalla «*hand in cap*» - hånd i lue, eit spel kor det blir byta om gjenstandar og gitt eit vederlag til spelaren med svakast utgangspunkt. Det viser også til tidlegare levkår for enkelte personar med funksjonsnedsetjing som skaffa seg inntekt ved å tigge «med lua i hånda» (Devlieger, P. J. 1999, Vogel, A. 1999).

Ord og nemningar kan også reflektere det som kallast ein «medisinsk forståing» av funksjonsnedsetjing. Den medisinske forståinga av funksjonsnedsetjing seier at det å ha ei funksjonsnedsetjing handlar om medisinske tilstandar som hindrar prestasjonar, refleksjon, sjølvstendige val, deltaking eller evne til å danne relasjonar. Forståinga har einsidig fokus på individet sine eigenskapar. Tiltak er ofte retta mot å reparere og behandle. Nyare norsk politikk byggjer på ei såkalla «relasjonell/sosial forståing» av funksjonsnedsetjing, der funksjonsnedsetjing er resultatet av eit samspel mellom individets føresetnader og barrierar i omgjevnadane (sjå under).

Forståing av og omtale av funksjonsnedsetjing i rettsleg samanheng er også knytt til ein historisk forståing av normalitet og avvik (Lars Grue i boka Normalitet, Hylland-Eriksen 2006).

Frå midten av 1800-tallet vart «normalmennesket» utvikla som både ein prototype og ideal. Omtale av funksjonsnedsetjingar i rettsleg samanheng kan byggje på dikotomien mellom normalitet og avvik. Å setje opp dikotomiar kan vere ein naturleg løysning i rettsleg samanheng. Lovane sin funksjon vil ofte vere å skilje mellom grupper av borgarar for å bestemme kven som skal ha eller ikkje ha eit gode, eller påførast ei ulempe. Dette er relevant for rettsleg omtale av funksjonsnedsetjingar. For å avgrense kven som kvalifiserer til yting, stønadar og i kor stor grad, må lovar og reglar etablere eit skilje mellom normal eller frisk på den eine sida, og sjuk, ufør eller funksjonsnedsetjing på den andre sida.

Ei bieffekt av denne dikotomiseringa kan være ein konstruksjon av binære motsetnader, der ein av polane blir tillagd negative konnotasjonar. Motsetnader som sjuk-frisk, sunn-usunn, (ressurs)sterk-svak, rein-skitten, brukar-skatteytar kan påverke synet på menneskeleg variasjon i eit samfunn.

2.3 Norsk politikk i dag – kva betyr dette for språkbruk?

Norsk politikk i dag tar avstand frå den klare dikotomien mellom «normalmennesket» og avvik, og forståinga av funksjonsnedsetjing som ein eigenskap ved individet åleine (medisinsk forståing). Ei rekkje offentlege dokument, blant anna regjeringa sin strategi Et samfunn for alle (Barne- og likestillingsdepartementet 2020), og Menneskerettar for personar med utviklingshemming – Det handlar om å bli høyrte og sett (Meld. St. 8 (2022–2023)), fastslår at politikk og tiltak skal byggje på ein relasjonell eller sosial forståing av funksjonsnedsetjing.

Den relasjonelle/sosiale forståinga av funksjonsnedsetjing vart utvikla frå starten av 80-talet i England, og vart implementert i norsk politikk på 80-talet som «gap-modellen». Forståinga tar avstand frå oppfatninga av funksjonsnedsetjing som eit reint biomedisinsk fenomen og byggjer på to grunnleggjande idear. For det første at variasjonar i funksjonsevne er ein naturleg del av det menneskelege mangfald. Alle menneske, uavhengig av kognitive, intellektuelle, psykiske, fysiske eller sensoriske føresetnader, er likeverdige og har dei same grunnleggjande behov og dei same menneskerettar. For det andre viser modellen at funksjonsnedsetjing oppstår som resultat av eit gap mellom innbyggjarane sine føresetnader og samfunnet sine innretningar og krav. Grada av funksjonsnedsetjing kan reduserast ved å tilretteleggje samfunnet og byggje ned diskriminerande barrierar, eller ved å støtte individet.

Denne forståinga blir reflektert i korleis offentlege dokument brukar ordet funksjonsnedsetjing. Funksjonsnedsetjing viser ikkje lenger til eigenskapar ved eit individ åleine, men ein situasjon der det er eit gap mellom individets føresetnader og samfunnets krav og innretning. Det er ein aukande tendens til å bruke ordet funksjonsvariasjonar, divergens eller liknande i omtale av borgarane og funksjonsmangfaldet i befolkninga.

I Noreg har vi også sett ei utvikling i omtale av enkeltindivid frå å snakke om «funksjonshemma» til «personar med funksjonsnedsetjing». Denne overgangen til det som på engelsk blir kalla «person-first language», i motsetnad til «identity-first language», er meint å fremje og formidle inkludering og likestilling ved å vektlegge at alle borgarar først og fremst er personar og ikkje definere og kategorisere personar ut frå eitt aspekt av identiteten, som funksjonsevne. Seinare språkforskning anbefaler at begge orda, funksjonshemma og personar med funksjonsnedsetjing, kan nyttast (Andrews, E. E., m.fl. 2022).

2.4 Særlege omsyn knyta til språk i lovar og reglar

Lovar og reglar representerer samfunnet sine institusjonar, og kan institusjonalisere og sementere normer som blir reflektert i språket. Terminologi om funksjonsnedsetjing kan påverke både korleis personar med funksjonsnedsetjing blir oppfatta i samfunnet, og korleis personar med funksjonsnedsetjing ser på seg sjølv.

Eit døme på korleis lovspråk kan prege sjølvoppfatning kan trekkjast fram frå Bufdir sitt Rettigheitsseminar som vart arrangert 17.-18. oktober 2024, der personar med utviklingshemming fortalde om eigen livssituasjon. Seminardeltakarane vart inviterte til å snakke om bustad og daglegliv. I diskusjonane omtalte seminardeltakarane seg sjølv og sine naboar som «brukarar» («Eg bur saman med to andre brukarar») (Naku 2024).

At personar omtaler seg sjølv som «brukar» kan forståast som eit døme på korleis den enkelte blir «sett på plass», blir gjeven ei rolle og ein identitet gjennom talemåtar eller nemningar. I boka Kroppsspråk beskriv Jan Grue korleis sjølvforståing blir forma av samfunnet sine institusjonar, og byråkratiet sitt granskande blikk (Grue, J. 2014).

Juss blir ofte referert til som ein form for sosial ingeniørkunst som definerer rollene for individa i samfunnet, korleis ein må tilpasse seg den rolla, og konsekvensar av å ikkje gjere det. Lovar har moglegheit til både å skape og oppretthalde status quo. Ofte er dette knyta til å bestemme kva som er «normalt» i samfunnet og korleis ein reagerer på eventuelle forskjellar. Lovgivaren bestemmer kva for normer som skal implementerast og innlemmast i samfunnet gjennom sin lovskapande funksjon (Ziegler 2020).

Det må samtidig tas særlege omsyn ved vurderinga av endring av terminologi i lovar. Eit skifte av innarbeidd terminologi krev tungtvegande argument, og det bør berre gjennomførast om skiftet inneber ei klar forbetring, slik at lovspråket blir meir forståeleg samtidig som det er tilstrekkeleg presist. For det enkelte ord må det vurderast om andre termar er like bra eller betre egna til å reflektere innhaldet. Eit sentralt kriterium for valet av ordlyden i lova må vere at han på ein transparent måte gir uttrykk for lovens og føresegnas reelle innhald. Ei endring må føre vidare det materielle innhaldet i loven.

2.5 Statens plikt til å fremme likestilling

I 2013 ratifiserte Noreg FN-konvensjonen om menneskerettane til menneske med nedsett funksjonsevne, CRPD. Artikkel 8 i konvensjonen pålegg statane å jobbe for bevisstgjerings og bekjempe stereotypiar og fordommar. Dette inneber blant anna ei plikt til å jobbe for eit inkluderande språk som fremjar respekt og likestilling.

Likestillings- og diskrimineringsloven paragraf 24 pålegg statlege myndigheiter å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering i alt sitt virke, også i arbeidet med regelverk (Likestillings- og diskrimineringsloven, 2017, § 24).

3. Buudir sine vurderingar

Buudir sine vurderingar spring ut ifrå eit likestillings- og menneskerettsperspektiv. Føremålet med oppmodingsvedtaket er å gjennomføre ein lovgjennomgang med føremål om å avskaffe språkbruk som beskriv personar med funksjonsnedsetjing med utdaterte, diskriminerande og stigmatiserande omgrep, og det er dette Buudir har lagt til grunn i si vurdering. I vurderingskolonna har vi forankra kritikken av ord og nemningar i anten uverdigg menneskesyn, direkte negative konnotasjonar til funksjonsnedsetjing, eller manglande forankring i den sosiale forståinga av funksjonsnedsetjing.

Språkrådet sine vurderingar spring ut ifrå eit direkte språkleg perspektiv. I dei fleste vurderingstilfella har Språkrådet vald å ikkje kome med konkrete råd. I dei tilfella der Språkrådet har ynskja å peike på andre forhold utanfor Buudir sine vurderingar knyta til menneskerettsperspektivet, er dette nemnt spesielt i vurderingskolonna. I arbeidet har det kome opp ulike problemstillingar, og saman med Språkrådet har Buudir måtta gjere val når det gjeld å avgrense oppdraget.

Ei problemstilling Buudir har støtt på, er normalt nøytrale og ordinære ord og nemningar, men som opplevast som problematiske når dei blir brukte som ord og nemningar knytte til funksjonsnedsetjing. Dette gjeld blant anna ordet «avvik», som vert brukt i samband med fosterdiagnostikk. Å nytte dette ordet om menneskelege variasjonar og forhold kan opplevast som problematisk ettersom det føreset ein menneskeleg standard som det vert avvika frå. Dette kan kome i konflikt med ei forståing av og aksept for menneskeleg mangfald.

Likestillings- og mangfaldsutvalet løfta i si utgreiing, På høytid — Realisering av funksjonshindredes rettigheter (NOU 2023: 13), nemninga «funksjonshindra» opp mot «funksjonsnedsetjing». Dette er ein pågåande debatt med mange ulike stemmer, som ikkje er eintydig. Direktoratet vil ikkje gjennomgå ulike nemningar knyta til definisjonar av personar med funksjonsnedsetjing.

Det er ofte lettare å fastslå at ein viss ordbruk er klart utdatert enn at han er klart stigmatiserande og diskriminerande. Det kan òg skje at det påverkar oppfatninga av eit ord som stigmatiserande og diskriminerande at det har vore utdatert ei stund. Forholdet mellom teiknspråktolk og døvetolk kan vere eit døme på dette. Døvetolk er klart utdatert blant teiknspråkbrukarar og fagfolk. Utgangspunktet for å føretrekkje teiknspråktolk var at det meir presist uttrykkjer kva ein tolkar (som med andre språktolkar), heller enn at det var noko klart stigmatiserande eller diskriminerande ved døvetolk. Likevel vil det i dag truleg òg kunne oppfattast som stigmatiserande eller diskriminerande, fordi det er så klart utdatert og blir oppfatta som misvisande.

Sivilsamfunnet og interesseorganisasjonane er ofte opptekne av ordet «brukar», og at det kan ha negative konnotasjonar i form av å vere ein person som nyttar ei teneste, og som dermed avgrensar retten til sjølvbestemming. Dette er eit viktig prinsipp i CRPD. I oppdraget står det at gjennomgangen skal vere av klart utdatert, stigmatiserande og diskriminerande ordbruk. Sjølv om ordet «brukar» kan ha negative konnotasjonar og kan opplevast som eit nedsetjande ord, er det i denne samanhengen ikkje vurdert som *klart* utdatert, stigmatiserande og diskriminerande.

3.1 Ordbruk som oppfattast som stigmatiserande, diskriminerande og/eller utdatert

Orda og nemningane i denne lista er tekne med anten fordi dei finst i gjeldande lovverk eller fordi dei er peikte ut av interessegrupper etter innspelsmøte med organisasjonar og sivilt samfunn. Dei fleste, men ikkje alle orda, er brukt i lovar og reglar i dag. Lista er ikkje uttømmande.

Ord eller nemning Bokmål / Nynorsk	Stigm./ disk.	Utdat.	Vurdering
Åndssvak / Åndssvak	X	X	(Skadeerstatningsloven § 1-3) Vart tidlegare nytta om menneske med ulike kognitive funksjonsnedsetjingar. Er i dag klart utdatert, stigmatiserande og diskriminerande og viser både til eit uverdigg menneskesyn og ein medisinsk forståing av funksjonsnedsetjing. Ekspertutvalet som vart satt ned for å sjå på inkorporering av CRPD i norsk lov peikar også på

			orda åndssvak og sinnssjuk som ord og nemningar som i dag viser til ei medisinsk forståing.
Sinnssyk / Sinnssjuk	X	X	(Skadeerstatningsloven § 1-3) Vart tidlegare nytta om menneske med ulike kognitive funksjonsnedsetjingar. Er i dag klart utdatert, stigmatiserande og diskriminerande. Visar til eit uverdigg menneskesyn og den medisinske forståinga av funksjonsnedsetjing.
Blinde- hund / Blinde- hund		X	(Ikkje brukt i nasjonale lovar og reglar i dag) Blindehund kan vurderast på to ulike måtar. Den eine måten er utdatert, ettersom det allereie finst eit etablert erstatningsord – førarhund og/eller servicehund. Nemninga kan også opplevast som nedsetjande om ein ser på overgangen frå den medisinske til den sosiale modellen, som omtalt over. Blindehund byggjer på ein medisinsk forståing der hjelpemiddel klart blir knyta til eigenskapar hjå personen som (truleg) nyttar hjelpemiddelet. Ny språkbruk tar inn over seg den sosiale modellen som flyttar fokuset og tiltak til gapet mellom samfunnet og borgaren.
Blinde- stokk / Blinde- stokk		X	(Ikkje brukt i nasjonale lovar og reglar i dag) For ordet blindestokk gjeld same vurdering som for ordet blindehund. I omtalen av dette ordet legg Språkrådet til at nemninga i seg sjølv ikkje er nedsetjande. I allmennspråket er blindestokk meir brukt enn mobilitetsstokk – også dei siste åra. Det føreslegne alternativet er mobilitetsstokk, noko interesseorganisasjonen FFO har uttrykt at dei ynskjer å benytte i større grad.
Døvetolk / Døvetolk	X	X	(Bl.a. forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning) For ordet døvetolk gjeld i stor grad same vurdering som for orda blindehund og blindestokk.

			Ordet døvetolk er ikkje eit presist og riktig ord for den tenesta som nemnast. Tolken si oppgåve er å tolke mellom personar som nyttar ulike språkuttrykk: teiknspråk og tale. Det er ei rekkje personar som nyttar teiknspråk grunna ulike formar for funksjonsnedsetjing. Å halde fast ved ordet døvetolk oppfattast difor som både utdatert og diskriminerande. Det finst allereie eit etablert erstatningsord: Teiknspråktolk. Det er dette som bør nyttast for framtida.
Invalid / Invalid Invaliditets-grad / Invaliditets-grad	X		(Bl.a. forsikringsavtaleloven, skatteloven, forskrift om menerstatning ved yrkesskade) Ordet er eit etablert ord på fagspråk. Det kan likevel ha uheldige konnotasjonar til menneske med nedsett funksjonsevne. Direkte oversett frå engelsk betyr dette ordet «ugyldig». Ordet kjem også frå latin, og betyr «svak». Ordet kan difor oppfattast som sterkt nedsetjande fordi det knytar funksjonsnedsetjing til svakheit eller «feil» og «manglar», som vi i dagens politikk ynskjer å gå bort ifrå og heller nytte den sosiale forståinga av funksjonsnedsetjing. Språkrådet peikar på at det i dag truleg er få som vil leggje den engelske meininga av ordet til grunn. Språkrådet nemner også at ordet er nytta i fagmiljøa og at det kan få store ringverknadar dersom det blir byta ut med noko anna.
Døvtum/ Døvtum	X	X	(Ikkje brukt i nasjonale lovar og reglar i dag) Ordet er basert på ei misoppfatning av at døde er stumme. Difor er døvtum eit ord som ikkje har rot i røynda, og som dermed er svært nedsetjande.
Alvorlig svekket helbred / Fins ikkje på nynorsk		X	(Vergemålsloven, avtaleloven) Ordet er arkaisk og er ikkje nytta i daglegtalet. Dersom det er alvorleg helsesvikt eller alvorleg sjukdom som er meint, blir det vurdert til at det er meir treffande. Ordet visar også til ein medisinsk forståing av funksjonsnedsetjing.
Sinnslidels e / Fins	X	X	(Bl.a. vergemålsloven, straffeprosessloven, folketrygdloven)

ikkje på nynorsk			Ifølgje Store medisinske leksikon er dette ordet utdatert. Det viser også til ein medisinsk forståing av funksjonsnedsetjing der psykiske helseplager er ein sjukdom eller tilstand av sinnet. Det kan ha negative konnotasjonar til menneske med psykiske lidningar, og bør difor bytast ut.
Forstyrrelse av sinns-tilstanden / Forstyring av sinns-tilstanden	X	X	(Bl.a. skadeerstatningsloven) Det er uklårt kva som er meint med dette. Dersom det er meint psykose eller personlegdomsforstyrningar bør det klargjerast. Dette ordet er også innanfor ein medisinsk forståing av funksjonsnedsetjing.
Sterkt avvikande sinns-tilstand / Sterkt avvikande sinns-tilstand		X	(Bl.a. Straffeloven) Ordet blir ikkje nytta i kodeverk, men Helsedirektoratet nyttar «normal state of mind». Det er uklårt kva som er meint med ordet, og det bør difor vurderast om det skal erstattast. Språkrådet er einig i at innhaldet er uklårt og at noko anna bør nyttast. Eit eventuelt erstatningsord må framleis kunne innehalde graderinga.
Senil demens / Senil demens		X	(Bl.a. pasient- og brukerrettighetsloven) Ordet er utdatert ettersom det finst eit etablert erstatningsord. Ordet er heller ikkje i bruk. I ICD-11 brukar dei berre demens. I ordboka blir senil definert som «åndsvekket av alder», og det kan difor også vere nedsetjande, i tillegg til at det viser til den medisinske forståinga av funksjonsnedsetjing. «Åndsvekket av alder» er også ei setning som viser til eit uverdigg menneskesyn. Erstatningsord: Demens
Alvorlig mental svekkelse /		X	(Bl.a. Straffeprosessloven, folketrygdloven)

Alvorleg mental svekking			Ordet kan vere uklårt og dermed utdatert. Det viser til ein medisinsk forståing av funksjonsnedsetjing, og set funksjonsnedsetjing i samanheng med svakhet. Språkrådet meiner innhaldet er uklårt.
Alvorlig sinns- lidende / Fins ikkje på nynorsk		X	(Bl.a. straffeprosessloven) Ifølgje Store medisinske leksikon er dette ordet utdatert, og vart nytta som synonym til psykose.
Psykisk utviklings- hemmet / Psykisk utviklings- hemma	X	X	(Bl.a. folketrygdloven, straffeloven, arbeidsmiljøloven) Ordet kan vere uklårt. Utviklingshemming har ikkje nødvendigvis noko med psykisk helse å gjere. Det kan difor oppfattast som nedsetjande. Det er nytta psykisk utviklingshemming i ICD-10, men berre utviklingshemming i ICD-11. Språkrådet er usikre på om uttrykket er sterkt nedsetjande og om «utviklingshemma» dekkjer innhaldet. Dette må fagmiljøa vurdere. Ifølgje artikkelen «Psykisk utviklingshemming» eller «utviklingshemming»? - Stiftelsen SOR (Stiftelsen SOR, u.å.) har ein blant anna byta om på nemningane for å unngå misforståingar og samanblanding med psykiske lidningar. Ordet i seg sjølv kjem frå ei manglande utvikling av psyken, men i det moderne språk er det meir riktig å seie at utviklingshemming er manglande eller forsinka utvikling av kognitive eller intellektuelle ferdigheiter. Ekspertutvalet som såg på inkorporering av CRPD i norsk lov har også peikt spesifikt på ordet psykisk utviklingshemming: «Dette er et begrep som viser direkte til en medisinsk diagnose, og utvalget forstår det slik at begrepet i dag i all hovedsak er forlatt utenfor helsesektoren. Hvis begrepet brukes i lovgivningen for å omfatte en gruppe funksjonshemmede, kan det innebære en medisinsk tilnærming som ikke er godt i samsvar med konvensjonens krav om en overgang fra en medisinsk til en menneskerettslig modell for funksjonshemming. Utvalget mener enkelte lover ser ut til å benytte begrepet uten at det er god grunn til

			det, siden det er funksjonsnedsettelsen snarere enn diagnosen som er ment å skulle omfattes av den aktuelle loven. (...) Det bør derfor vurderes fortløpende om «psykisk utviklingshemming» er en god betegnelse i loven, siden man i andre sammenhenger anser det bedre å tale om utviklingshemming» (Kultur- og likestillingsdepartementet 2023). Erstatningsord: Utviklingshemma
Handikap / Handikap	X		(Bl.a. skatteloven, kjøretøysforskriften) Terminologi brukt om funksjonsnedsetjing reflekterer ofte det vi i dag vil oppfatte som nedsetjande haldningar til personar med funksjonsnedsetjing som ikkje-likeverdige samfunnsborgarar. Nokre ord løftar fram personar med funksjonsnedsetjing som trengande og mottakarar av velgjerningar og almisse. Dette gjeld til dømes omgrepet «handikap». Opphavet til dette omgrepet er eit engelsk spel kalla «<i>hand in cap</i>» - hånd i lue, eit spel kor det blir byta om gjenstandar og gitt eit vederlag til spelaren med svakast utgangspunkt. Det viser også til tidlegare levkår for enkelte personar med funksjonsnedsetjing som skaffa seg inntekt ved å tigge «med lua i hånda».
Funksjons-frisk / Funksjons-frisk	X		(Bl.a. Forskrift om tilskudd til arrangementer for idrett og fysisk aktivitet for personer med funksjonsnedsettelser) Ordet kan sjåast på som ein dikotomi, at det skapar ein motsetnad til at det å ha ein funksjonsnedsetjing vil seie at ein er sjuk. Ordet legg også den medisinske forståinga av funksjonsnedsetjing til grunn, og visar ikkje til det menneskelege mangfald ved å setje opp nokon som «friske» - då blir andre automatisk «sjuke». Ordet vil difor også ha negative konnotasjonar til det å ha ei funksjonsnedsetjing.
Avvik og funksjons-avvik / Avvik og funksjons-avvik	X		Avvik blir nytta for å forklare blant anna kromosomavvik i ICD-10. Det kan vere uheldig å definere noko som avvik med konnotasjonane til at det finst ein normal standard vi forhold oss til. Språkrådet peiker på at det i nokre samanhengar er behov for å definere ein mangel, i alle fall i medisinsk forstand.

			Buudir ynskjer å anbefale at avvik berre bør brukast med forsiktigheit, og om forhold, og ikkje om heile mennesket.
Mis- dannelse / Mis- danning	X		(Bl.a. helsepersonelloven) Ordet legg til grunn ei medisinsk forståing av funksjonsnedsetjing, i tillegg til at det har negative konnotasjonar til menneske med nedsatt funksjonsevne som noko «feil» eller «annleis». På NHI sine nettstader definerer dei misdanning slik: «En misdannelse er et avvik fra den normale måten kroppen er bygd opp på og som er til stede fra fødselen» (Norsk helseinformatikk, u.å.). Ordet bør difor brukast med varsemd.
Fysiske eller psykiske forstyr- relser / Fysiske eller psykiske forstyr- ringar	X		(bl.a. pasient og brukerrettighetsloven) Dette kan oppfattast som uklårt. Dersom det gjeld spesifikke diagnoser, bør dermed diagnosen nemnast. Dersom det gjeld andre funksjonsnedsetjingar kan heller det nyttast. «Forstyrringar» kan dessutan ha negative konnotasjonar til menneske med funksjonsnedsetjingar i form av at ein er «forstyrra».
Vansiret / Vansira	X	X	(Bl.a. straffeloven) Ordet er ikkje nytta i kodeverk, men kan vere diskriminerande dersom det blir brukt mot nokon. Det legg til grunn ein medisinsk forståing av funksjonsnedsetjingar. Bør brukast med varsemd.

3.2 Oppsummering

Lista frå Buudir er på ingen måte uttømmende kva gjeld ord og nemningar som kan oppfattast som klart utdatert, stigmatiserande og diskriminerande. Lista er ei samanfating av ord og nemningar interesseorganisasjonane har gitt innspel på, samt Buudirs egne vurderingar opp mot allereie eksisterande lovtekstar.

4. Referansar

Asbjørnslett, M. (2015). *Ordinary kids*. Dissertation from the Norwegian School of Sport Sciences. ISBN 978-82-502-0513-0.

Andrews, E. E., Powell, R. M., & Ayers, K. (2022). *The evolution of disability language: Choosing terms to describe disability*. *Disability and Health Journal*, 15(3), 101328. <https://doi.org/10.1016/j.dhjo.2022.101328>

Barne- og likestillingsdepartementet. (2020). *Et samfunn for alle - Regjeringens strategi for likestilling av mennesker med funksjonsnedsettelse for perioden 2020-2030*. Hentet fra <https://www.regjeringen.no/contentassets/bc8396c163f148dc8d4dc8707482e2be/et-samfunn-for-alle—regjeringens-strategi-for-likestilling-av-mennesker-med-funksjonsnedsettelse-for-perioden-2020203.pdf>

Barne- og familiedepartementet. (2023). *På høy tid — Realisering av funksjonshindredes rettigheter* (NOU 2023: 13). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-13/id2988394/>

Bjørnshagen, V., & Østerud, K. L. (2021). *Diskriminering av funksjonshemmede i arbeidslivet*. *Søkelys på arbeidslivet*, 38(3-4), 275-286. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-7989-2021-03-04-04>

Bloom, P. (2014, September 10). *Against empathy*. Boston Review. <https://www.bostonreview.net/forum/paul-bloom-against-empathy/>

Devlieger, P. J. (1999). From handicap to disability: Language use and cultural meaning in the United States. *Disability and Rehabilitation*, 21(7), 346-354.

Eriksen, T. H., Grue, L., & Breivik, J.-K. (Red.). (2006). *Normalitet*. Universitetsforlaget. ISBN 978-82-150-1062-5.

Grue, J. (2014). *Kroppsspråk: Fremstillinger av funksjonshemning i kultur og samfunn*. Gyldendal Akademisk.

Harari, Y. N. (2024). *Nexus: A brief history of information networks from the Stone Age to AI*. Random House.

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2022). *Meld. St. 8 (2022–2023): Menneskerettar for personar med utviklingshemming*. Hentet fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20222023/id2945431/?ch=1>

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2023). *Konvensjonen om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne (CRPD)*. Regjeringen.no.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/konvensjonen-om-funksjonshemmedes-rettigheter/id3021814/?ch=1>

Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) § 24 (2017). Lovdata. [https://lovdata.no/lov/2017-06-16-51/\\$24](https://lovdata.no/lov/2017-06-16-51/$24)

Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming. (2024). *Rettighetsseminar: Ingenting om meg uten meg*. NAKU. <https://naku.no/aktivitet/rettighetsseminar-ingenting-om-meg-uten-meg>

Norge. (1911). *Skatteloven av 1911: Handikap*. Hentet fra <https://lovdata.no/register/avgj%C3%B8relser>

Norge. (1936). *Rt-1936-621: Dverg*. Høyesterett. Hentet fra <https://lovdata.no/register/avgj%C3%B8relser>

Norge. (1937). *Rt-1937-49: Idiotia*. Høyesterett. Hentet fra <https://lovdata.no/dokument/RT/avgjorelse/1937-49>

Norge. (1958). *Lov om vanfør (LOV-1958-12-05-1)*. Hentet fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1958-12-05-1>

Norge. (1970). *Rt-1970-95: Tilbakestående*. Høyesterett. Hentet fra <https://lovdata.no/register/avgj%C3%B8relser>

Norge. (2002). *LB-2002-209: Retardert*. Lagmannsretten. Hentet fra <https://lovdata.no/register/avgj%C3%B8relser>

Norsk Helseinformatikk. (u.å.). *Misdannelser i urinveiene – Årsak*. NHI.no. <https://nhi.no/sykdommer/barn/nyrer-urinveier-kjonn/misdannelser-i-urinveiene/arsak>

Olsen, T., Vedeler, J. S., Eriksen, J., & Elvegård, K. (2016). *Hatytringer mot funksjonshemmede: Resultater fra en studie av funksjonshemmedes erfaringer*. Nordlandsforskning. Hentet fra <https://nordlandsforskning.no/sites/default/files/files/NF%206-2016%20opplag%202.pdf>

Stiftelsen SOR. (u.å.). *Psykisk utviklingshemming eller utviklingshemming?*. Stiftelsen SOR. <https://www.stiftelsenor.no/kompetanse/sprakbanken/psykisk-utviklingshemming-eller-utviklingshemming>

Stortinget. (2023-2024). *Dokument 8:17 S (2023-2024): Representantforslag om å endre begrepsbruk i norsk lovverk i tråd med CRPD*. Hentet fra <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Representantforslag/2023-2024/dok8-202324-017s/>

Vogel, S. A., Leyser, Y., Wyland, S., & Brulle, A. (1999). Students with learning disabilities in higher education: Faculty attitude and practices. *Learning Disabilities Research & Practice*, 14(3), 173-186.

Ziegler, M. E. (2020). Disabling language: Why legal terminology should comport with a social model of disability. *Boston College Law Review*, 61(3), 1183–1234.
<https://lira.bc.edu/work/sc/ce254630-0007-4bb4-afd1-1fbb6ae91b28>

